

Helselaget: Nytt år med imponerande resultat

07.03.2011



4 av dei 5 i styret etter valet. Selma Eik sit og dei som står er Berit H. Myklebust, Hilda Guddal og Margit Eik

**Helselaget kunne under årsmøtet på AFA ikveld presentera  
eit nyt imponerande**

**resultat. Ved årsskiftet hadde laget 38.534 kroner i banken og dei delte no ut 30.000 til gode føremål.**

**Som i fjor gjekk 10.000 til hjartesaka, 5.000 til kreftforskinga og 5.000 til tuberkulosesaka.**

**Lokalt vart ein søknad frå dagavidelingen for demente ved Husnestunet tilgodesett med 10.000 kroner. Pengane skal gå til eit betre kjøken.**

Dette var dei einaste som hadde søkt om midlar og leiar Selma Eik konstaterer at føremålet står høgt på prioritetslista til Nasjonalforeningen.

Den tradisjonelle basaren er ein grunnpillar ifor helselaget. I fjor gav den ei inntekt på 32.611 kroner og sundag klokka 17 skal den haldast igjen i Helgheim. Loddalen har allereie vore igang ei tid frå Odda til Husnes og 20.000 er passert, får uskedalen.no opplyst,

Selma Eik sa seg under årsmøtet villig til å ta på seg 2 nye år som leiar Førebelts har ho leia foreningen i 10 år. Nestleiar Berit H. Myklebust tok også attval og det same gjorde styremedlem Margit Eik medan kasserar Hilda Guddal og skrivar Audhild Lie står aatt i styret.  
Varamedlemmer er Silla Hjønevåg og Berit H. Døssland.  
Turnemnd er Inger Moberg og Berit H. Døssland.

Selma Eik sa i samband med valet at laget er 'absolutt oppegåande' sjølv om det er dei same som går att i leiinga.  
- Men sluttar vi veit vi ikkje korleis det går, sa Inger Moberg.

Av årsmeldinga gjekk det ellers fram at bøsseaksjonen for demenssaka var vellukka også i år med 22 bøsseberarar i aksjon. Laget takkar også i år skulen for å ha seld dei fleste av 500 tildelte hjartelodd.

Som resultat av eit besök av dagleg leiar i fylkeshelselaget vart det starta ei gågruppe der oppslutnaden har variert mellom 2 og 11. Den går kvar tysdag klokka 11 frå Gamleskulen.

Helselaget har saman med Uskedalen Utvikling søkt om og fått 100.000 frå helse og rehabilitering til opprusting av kjøkenet i Gamleskulen og 10.000 frå Midtunfondet til leikeapparatar same staden.  
Midlane blir delt ut i år etter innsendte rekningar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen